

# FJALER KOMMUNE

«Sse\_Navn»

Landbruksdepartementet  
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

## MELDING OM POLITISK VEDTAK

**Vår ref.**

03/1772-3/K2-V62//KDH  
04/4186

**Dykkar ref.**

**Dato:**

25.06.2004

### **Odelslovutvalet si innstilling NOU 2003:26 om odels- og åsetesretten**

Formannskapet har handsama saka og gjort følgjande vedtak:

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Formannskapet støttar odelslovutvalet sitt mindretal som seier at odelsretten vert avvikla. Dette medfører at krav til bu- og driveplikt m.v. vert ivareteke gjennom konsesjonslova.

Dersom odelsretten ikkje vert avvikla går formannskapet inn for utvalet si innstilling når det gjeld dei spørsmål utvalet er samde om. Formannskapet støttar elles fleirtalet sitt framlegg at som hovudregel vert kravet til odlingsjord minst 50 daa jordbruksareal og mindretalet sitt framlegg om at dei med odelsrett berre er born av foreldre som har eigd eigdommen med odelsrett.....

#### **22.06.04 FORMANNSKAPET**

#### **Handsaming i møtet:**

#### **Framlegg frå Mass Kjell Myklebust (SP):**

Pkt. 1: Formannskapet støttar odelsutvalet sitt fleirtal om at odelsretten vert oppretthalden.

Pkt. 2: Endring frå 50 daa jordbruksareal til 30 daa.

#### **Røysting:**

Pkt.1. Rådmannen sitt framlegg: 4 røyster(Helle, Hjelle, Erstad, og G. Solheim)

Mass Kjell Myklebust sitt framlegg: 3 røyster (Myklebust, K. Solheim og Fretland)

Pkt. 2: Rådmannen sitt framlegg med Mass Kjell Myklebust sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

**FOR-105/04 VEDTAK:**

Formannskapet støttar odelslovutvalet sitt mindretal som seier at odelsretten vert avvikla. Dette medfører at krav til bu- og driveplikt m.v. vert ivareteke gjennom konsesjonslova.

Dersom odelsretten ikkje vert avvikla går formannskapet inn for utvalet si innstilling når det gjeld dei spørsmål utvalet er samde om. Formannskapet støttar elles fleirtalet sitt framlegg at som hovudregel vert kravet til odlingsjord minst 30 daa jordbruksareal og mindretalet sitt framlegg om at dei med odelsrett berre er born av foreldre som har eigd eigedommen med odelsrett.

Med helsing

Knut David Hustveit  
jordbrukssjef

Direkte tlf: 57 73 80 44